



*Inserat  
Filmer Per Bronken & Peder  
sjøen foran et Dueslag  
rekvisitter, et siste av  
for denne siste av  
hans films*

Nasjonalbiblioteket Årsmelding 2002

**Utgjevar** Nasjonalbiblioteket  
**Kontakt** Se nest siste side  
**Organisasjonsnr.** 976 029 100  
**Redaktør** Liv Anniken Stavik  
**Til nynorsk** Gunnar Hagen  
**Form** Jan Neste Design  
**Trykk** Teamtrykk/Allkopi

Inserat  
Filmer Per Br  
sjøen foran  
rekrusitter,  
for denne  
hans film

## «Nasjonalbiblioteket skal sikre fortiden for framtiden ved å ivareta og styrke nasjonens hukommelse»

Foto: Petter Bjørbu



**2002 har vore eit hendingsrikt år** for Nasjonalbiblioteket. Det er gjort rammeavtale med Entra om bygging av magasin, rehabilitering og nybygg i Drammensveien 42. Ein arkitektkonkurranse om nybygg er allereie gjennomført, og vinnarutkastet vart kåra i desember.

Elles nemner vi bygging av automatlager i Rana, strategiarbeid og konverteringsdugnad både i Rana og Oslo. I heile institusjonen har det vore ein stadig aukande straum av spennande kulturarvobjekt og oppgåver for Nasjonalbiblioteket.

Siste halvåret har òg vore prega av at den gamle bibliotekbygningen på Solli plass i Oslo har vore stengd for publikum, og det må vi dessverre leve med endå ei tid framover. Aktiviteten innanfor veggene er likevel minst like hektisk som før – no blir alt gjort klart til flytting til nye lokale. Det blir digitalisert, rydda, katalogisert og gjort reint. I 2003 må både samlingane og personalet ut av Drammensveien 42 for at bygningen skal kunne bli rehabilitert. Vi gler oss til den dagen vi kan slå opp att dørene.

I Rana blir det nye automatlageret for Depotbiblioteket opna 13. juni. Denne spennande og viktige hendinga for Bibliotek-Noreg vil bli markert med faglege aktivitetar av ulike slag.

I 2003 skal vi ta eit krafttak for å få Nasjonalbiblioteket til å arbeide som ein einskapleg institusjon. Her finst det ubrukte vegar for å bruke kompetanse «på tvers». Samla er dette ein institusjon med utruleg mykje kunnskap og engasjement.

Økonomien kunne – som overalt i kultursektoren – vore betre, men vi har fått pengar til bundne utgifter og unngått dei store kutta.

«Nasjonalbiblioteket skal sikre fortiden for framtiden ved å ivareta og styrke nasjonens hukommelse» – dette er visjonen som har komme på plass i 2002. Arbeidet med strategisk plan er så å seie fullført. Oppgåvene til Nasjonalbiblioteket er her grupperte i fire verksemdsområde:

- Samlingsoppbygging
- Bevaring
- Bibliografisk tenesteyting og tilgjengeleggjering
- Formidling

På dei følgjande sidene presenterer vi nokre prosjekt i Nasjonalbiblioteket som er knytte opp mot dei fire verksemdsområda.

*Kari Gjestebø*

*Kari Gjestebø  
konstituert nasjonalbibliotekar*



## Samfunnsmessig og kulturelt ansvar

**Nasjonalbiblioteket** skal sikre fortida for framtida ved å ta vare på og styrkje nasjonen sitt minne. Nasjonalbiblioteket har som idé for verksemda si å samle inn, bevare, gjere tilgjengeleg og formidle sentrale delar av nasjonens kulturelle, intellektuelle og

vitskaplege produksjon for samtidige og framtidige brukarar. Med utgangspunkt i verksemdsidéen er dei fire verkeområda sette opp nedanfor, og prosjekta som er omtala i årsmeldinga, er knytte til desse ulike områda.

### Samlings-oppbygging

Nasjonalbiblioteket skal byggje opp, supplere og halde vedlike samlingar av nasjonalt opphav og relevans.

Manuskript s.6

Nørholmarkivet s.6-7

Theodor Kittelsen som brevskrivar s.8

Karl XII s.9

Komplette Lorentzen-stikk s.9

Fotosamlinga til Peter Wessel Zapffe s.11

Helge Ingstad s.12

Historia om Fjernsynsteatret s.13

Postkortgåve s.14

Paradigma s.14

Innkjøpsordninga for bokillustrasjonar s.15

### Bevaring

Nasjonalbiblioteket skal bevare innsamla materiale på ein slik måte at det skal kunne komme til nytte i dag og for ettertida.

Samarbeid med George Eastman House s.16

Filmskatt tilbake til Noreg s.16

Kulturminne Ekofisk s.17

### Bibliografisk tenesteyting og tilgjengeleggjering

Nasjonalbiblioteket skal kontinuerleg gjere innhaldet i samlingane tilgjengeleg via inngangar som katalogar, register og bibliografiar og med høve for fritekstsøk.

Mavis s.18

Nordic Web Archive s.18

Norske aviser og tidsskrift på Internett s.18

METAe s.19

Dewey – ny utgåve i norsk versjon s.19

### Formidling

Nasjonalbiblioteket skal være ein fysisk og virtuell møteplass for kunnskap og oppleving og skal drive kvalifisert formidling basert på biblioteket sine samlingar, tilgjengelege informasjons- og kunnskapsdatabasar og nasjonale og internasjonale nettressursar.

Scener fra et jernverk s.21

## Utbyggingsprosjektet i Oslo

I 2002 tok det statlege eiedomsselskapet **Entra Eiendom AS** over bibliotekbygget i Drammensveien 42 og fekk ansvaret for å rehabilitere bygningen og byggje nye magasin under bakken i parkhagen. Det skal òg byggjast eit kontortilbygg over magasin, og tilbygget blir knytt saman med biblioteket via eit glasoverbygg. Utbygginga skal sikre noverande og framtidige arealbehov for Nasjonalbiblioteket og opne eiedomen mot byen. Etter planen skal anlegget stå ferdig til hundreårsdagen for oppløysinga av unionen med Sverige 7. juni 2005.

Ombygginga og rehabiliteringa av bygningen har som mål å gi betre og raskare tilgang til samlingane, leggje til rette for meir effektive tenester, gi betre lesesalar og arbeidstilhøve for både brukarane og personalet, opne for allsidige formidlingsaktivitetar, slik som utstillingar, konsertar og foredrag, og dessutan ta vare på ein historisk verdfull nasjonal bygning.

Bygget er freda av Riksantikvaren og har verneverdige interiør som ein skal ta vare på og restaurere. Prosjektet omfattar generell oppussing utvendig og innvendig, fornying av kontor- og publikumsinnreiingar og fornying av tekniske anlegg, slik som heisar, ventilasjon og brannsikring. Dei to magasinfløyene skal byggjast fullstendig om og gje plass til publikumsareal og kontor.

Våren 2003 startar bygginga av nye klima-regulerte magasinlokale. Dei blir bygde i fire høgder under bakkenivå og vil i første omgang utgjere 3 300 kvadratmeter nettoflate med plass til om lag 40 000 løpemeter med reolar og skap. Etter planen skal magasinane vere klare til bruk i juni 2004.

Arkitektfirmaet Longva Arkitekter AS vann tevlinga om det nye tilbygget og parkområdet hausten 2002 med utkastet Halvbroen. Tilbygget, som blir bygd oppå magasinbygningen, blir knytt saman med bibliotekbygningen i form av eit glasoverbygg. Dette mellombygget vil fungere som torg eller storstove som kan nyttast til utstillingar og ymse kulturformidlingsaktivitetar. Sentralt plassert i mellombygget vil ein heis med gangbruer binde biblioteklokala saman med magasinane under kontorbygningen. Tilbygget blir på til saman 8 000 kvadratmeter i sju høgder og gir høve til å trekkje inn andre institusjonar på kultur- og vitskapsområdet som leigetakarar. Med kontorbygningen blir det gamle bibliotek-anlegget fullenda. Utbyggingsprosjektet vil medverke til å vitalisere området og opne det for publikum.

[www.nb.no/html/nytt\\_nbo.html](http://www.nb.no/html/nytt_nbo.html)

## Manuskript

**Handskriftsamlinga** fekk 90 nye tilvekstnummer i 2002. Av desse vekte det store og tidlegare heilt ukjente arkivet etter Knut og Marie Hamsun størst oppsikt (sjå særskild omtale). Den store brevsamlinga etter dikteren og samfunnsdebattanten Arnulf Øverland vart òg Nasjonalbiblioteket sin eigedom i 2002.

Andre skjønnlitterære forfattarar som det kom inn meir eller mindre omfattande arkiv etter, er Margaret Johansen, Ebba Haslund, Paal Brekke og Per Bronken.

Av kunstnararkiv kan nemnast ei samling brev til målaren Jakob Weidemann som døydde i 2002. Brev var ei gåve til biblioteket frå enkja, Anne Marie Weidemann. Ei samling brev frå teiknaren Theodor Kittelsen består av mellom anna 18 brev til vennen Christian Skredsvig og 12 familiebreve – og eit langt dikt om Chr. Skredsvigs «Hagan». Fleire av breva til barna Ingrid og Leif inneheld både tekst og teikningar (sjå særskild tekst med illustrasjon). Sju brev frå teiknaren Olaf Gulbranson til broren Sigurd Gulbrandsen er òg små kunstverk med både tekst og teikningar.

Filosofen Arne Næss har levert ein del av papira sine, og meir vil komme etter kvart.

Viktig nytt historisk kjeldemateriale er ei samling på 41 brev frå arbeidspartipolitikaren Alfred Madsen til Johanne Åmlid. Dei gir eit nært blick inn i historia om arbeidarrørsla på 1920-talet.

[www.nb.no/html/handskriftsamlingen.html](http://www.nb.no/html/handskriftsamlingen.html)

## Nørholmarkivet


**I februar 2002** fekk Nasjonalbiblioteket høve til å kjøpe arkivet etter Knut og Marie Hamsun av barnebarnet til dikteren, Victoria Hamsun. Institusjonen Fritt Ord skaut til 650 000 kroner av kjøpesummen på 1 million.

Så tidleg som i 1932 fekk Nasjonalbiblioteket (den gongen Universitetsbiblioteket) som gåve av nobelprisvinnaren manuskripta til 10 av romanane hans. Ved same høve vart han spurd om kva han gjorde med alle breva han fekk. Svaret var nedslåande: «Brev fra alle Slags Land og Folk tilintetgjør jeg efterhvert,

og jeg haaber at Avsenderne gjør det samme med mine Svar». Men ein skal ikkje tru alt store diktarar seier. Da Hamsun-biografen Ingar Sletten Kolloen hausten 2001 jakta på kjeldemateriale til den nye biografien som skal komme, fann han på Nørholm, der Hamsun budde frå 1918, eit arkiv med meir enn 7000 brev til diktarparet. Det var eit heilt ukjent og unytta kjeldemateriale som da kom for ein dag, av uvurderleg verdi for forskinga kring forfattaren og verket hans.

Diktaren fekk heller ikkje rett i vona om at hans egne svarbrev skulle bli kasta. Den store seksbandsutgåva med meir enn 3 300 brev frå Knut Hamsun som no er avslutta, viser at mottakarane tok vel vare på breva hans. Og mellom dei 7 000 nye breva til Knut og Marie Hamsun som no er komne fram i lyset, finn vi utkast og notat til meir enn 300 ukjende Hamsun-brev.

[www.nb.no/html/portretter.html](http://www.nb.no/html/portretter.html)



Typisk for brevskrivaren Knut Hamsun er at han sette sitt eige personlege preg på alt han skreiv, også på forretningsbreve. Her viser vi kladden til eit følgjebrev til sjølvmeldinga hans, der han mellom anna på makelaust arrogant vis nyttar høvet til å kritisere kommunestyret for å føre ein så stri nynorskpolitikk at han sjølv må sende barna sine ut av bygda for å få dei konfirmerte.

## Theodor Kittelsen som brevskrivar



Brev frå Theodor Kittelsen til barna Ingrid og Leif Kittelsen. Udatert, truleg september 1907. Historia om Sevat, som Kittelsen fortel i dette brevet, og teikninga av denne matfriaren frå Eggedal, finn vi att i ei anna utforming i samlinga **Folk og troid. Minder og drømme** som Theodor Kittelsen gav ut i 1911.

Kjære Ingrid og Leif

... Lige efter at Mamma var reist, kom en fed Fyr labbende nedad Veien vor. Ansigtet var blegfedt og manglet ganske Øine Næse og sligt noget. Det lignet nærmest en stor Grødklat. Da han kom ned paa Tunet viste det sig at være vor gode gamle Ven Sevat.

Han saa sig først omkring ligesom han vilde søge et vist Sted, men betænkte sig og stod netop paa Veien til Kjøkkenet da Tulla modtog ham i Trappen.

«God dag» sa Sevat, «er Frua hjemme?»

«Nei hun er netop paa Veien til Kristiania» sa Tulla.

«Jamen Kittelsen er vel hjemme?»

«Nei han er med Dokter Neuman paa Elvejagt.»

«Hm. Dere vil vel handle lidt Uldvarer af mig?»

«Nei Tak, vi har saa altfor meget Uld i Huset at vi er nødt til at forære det bort, der fyker Uld omkring os hvor vi snur og vender os.»

«Jasaa.» sa Sevat.

Saa labbet han først bort til Vedskjulet og tittet i alle Kroger, tog saa Veien ned til Fjøset, paserte forbi Doen som han sendte længselsfulde Blikke, men betænkte sig atter. --

I Fjøset besaa han sig grundig; lugtet og smagte paa Gjødselhaugen, og strøg saa bort til Grisehuset.

«Det er følt saa mange Griser dere har!» sa han. Han havde netop seet de samme Griser oppe paa Jordet.

«Ja – vi har saa altfor mange Griser,» sa Tulla, «men di er saa leie med det at de ikke vil spise Bondemad.»

«Hm!» – sa Sevat.

Og dermed strøg han sin Vei, han saa ud som om han furtet....

## Karl XII

Nasjonalbiblioteket gjorde våren 2002

ferdig arbeidet med den nye kartdatabasen. Basen inneheld 22 handteikna kart relaterte til dei to felttoga svenskekongen Karl XII gjorde i Noreg. 10 av karta viser felttoga i Østfold i 1716 og 1718, mens 12 kan knytast til Armfeldt-toget i Trøndelag i 1718.

Fleire institusjonar i andre land har store kartdatabasar. Det ser likevel ut til at Nasjonalbiblioteket er åleine om å ha ein database med handteikna lokalkart knytte til eit tema. Det er òg svært sjeldan med databasar der det er mogleg å søkje på kombinasjonar av emneord og stadnamn. I Karl XII-databasen kan ein søkje på meir enn 100 stadnamn. Databasen er rask og brukarvennleg, ein kan klikke på karta, zoome og navigere.

Bakgrunnen for å lage databasen er ein kombinasjon av ønsket om å gjere karta tilgjengelege for alle som ikkje har høve til å komme til Nasjonalbiblioteket for å sjå originalane, og ønsket om å avgrense slitasjen på karta utan at dei blir mindre tilgjengelege. Ein del forskarar er avhengige av å studere originalane, og dermed har publikum framleis tilgang til desse karta. Digitale kart kan heller ikkje erstatte den kulturhistoriske opplevinga det er å sjå kartografiske kunstverk. Databasen



er derfor meint som ein praktisk reiskap og eit supplement til originalen, ikkje eit substitutt.

Alle karta er unike og har i liten grad vore kjende eller publiserte tidlegare. Karta har stor lokalhistorisk verdi, samtidig som dei gir ein einestående nær kontakt til viktige hendingar i norsk historie.

[www.nb.no/karl-xii-kart/index.html](http://www.nb.no/karl-xii-kart/index.html)

## Komplette Lorentzen-stikk

Med «Vue de la Ville de Friderichshald»

(Halden ca. 1792) i kolorert versjon har Biletsamlinga i Nasjonalbiblioteket no komplettert samlinga si av såkalla Lorentzen-stikk med motiv frå Noreg. Namnet på samlinga kjem av at stikka i hovudsak er baserte på førelegg av den danske målaren Christian August Lorentzen (1746-1828). Lorentzen gjorde sin norske «Voyage Pittoresque» sommaren 1792 på oppdrag frå Kronprins Frederik og etter initiativ frå koparstikkaren Johan Jacob Haas. Kronprinsen hadde økonomisk-topografiske interesser i eit slikt verk, medan Haas må ha sett eit forretningspotensial i produktet. Abonnement på topografiske plansjeverk var populært m.a.

i Paris. Motiva er i hovudsak byar, festningar, storgardar, hamner og tidleg industri.

Av denne typen prospektseriar frå Noreg er Lorentzen-stikka mellom dei tidlegast kjende, og dei har vorte omtala som den kunstnarlege oppdaginga av Noreg. Akvatintane er ettertrakta av samlarar, og prisane kan komme opp i over 30 000 kr for dei mest sjeldne.

Biletsamlinga har no, som einaste offentlege institusjon, ei komplett samling av både Haas og Grosch sine Lorentzen-akvatintar med tillegg, dei fleste både i kolorert og svart-kvitt utgåve. Til saman tel materialet 56 ulike motiv.

[www.nb.no/html/lorentzen.html](http://www.nb.no/html/lorentzen.html)



## Fotosamlinga til Peter Wessel Zapffe

**Nasjonalbiblioteket har teke over** fotosamlinga til Peter Wessel Zapffe (1899 – 1990), ei unik samling av bortimot 6000 fotografi.

For mange er Peter Wessel Zapffe mest kjend for bøkene *Vett og uvett* og *Barske glæder*. Doktoravhandlinga *Om det tragiske*, som han skreiv i 1941, er ikkje så godt kjend for alle. Heile livet var han trufast mot filosofien i dette verket. Han hadde eit pessimistisk grunnsyn og såg menneska som overutrusta i høve til livsmiljøet sitt og utan utsikter til å realisere dei mest grunnleggjande behova i livet – rettferd og meining. Mennesket er derfor dømt til kosmisk einsemd. Trass i dette grunnsynet er Zapffe ein av dei store humoristane våre.

Peter Wessel Zapffe var ein av dei største tenkjarane vi har hatt. Han var òg ein dyktig fotograf. Samlinga Nasjonalbiblioteket no har teke over, er velordna og godt organisert. No skal vi registrere fotografia, kopiere og gjere dei tilgjengelege for publikum. Deretter skal originalane få kvile i Nasjonalbiblioteket sitt tryggingmagasin i all framtid, til glede for nye generasjonar klatrarar og tenkjarar.

Da den unge Peter Zapffe kom til Oslo som jusstudent, søkte han ut i naturen. Han lærte seg fjellklatring på Kolsåstoppen, som da var arena for det norske klatremiljøet. Her vart



han kjend med den unge gymnasiasten Arne Næss. Etter fullført embetseksamen reiste han attende til Tromsø, der han fekk ei stilling som sakførarfullmektig.

Men jussen var ikkje noko for Zapffe, og gode vener frå gymnastida hadde reist frå byen. Han ønskte å skrive og tok fatt på litteraturstudium ved Universitetet i Oslo. Dermed reiste han frå Tromsø for godt, tretti år gammal. Han busette seg etter kvart i Asker og budde der saman med kona Berit Zapffe, heilt til han døydde.

I velbrukte fotoalbum finn vi i dag bilete frå spennande turar i Troms. Innimellom er det òg fine miljøskildringar frå Tromsø, som på denne tida var i sterk økonomisk og sosial endring. Mange av bileta er tekne på klatreturar i dramatisk nordnorsk natur – Kvaløya, Lyngsalpane, Ytre Senja og Lofoten. Det er òg mange fine stemningar frå hytta ved Jægervatn i Troms, som Zapffe bygde saman med Arne Næss.

[www.nb.no/html/zapffe.html](http://www.nb.no/html/zapffe.html)



## Helge Ingstad



**Helge Ingstad var både oppdagar, forskar, forfattar og eventyrar.** Han skreiv ei rekke reiseskildringar og vitskaplege verk. Bøkene hans vart alltid folkelesnad. Han var òg ein ypparleg formidlar og dokumenterte alltid ekspedisjonane ved hjelp av dagbøker, fotografi, film og lydopptak. Da han døydde i 2001, lét han etter seg meir enn 50 timar 16 millimeterfilm og fleire tusen fotografi.

Saman med kona, Anne Stine, som var arkeolog, endra Helge Ingstad verdshistoria. I 1960 fann dei norrøne buplassar på L'Anse aux Meadows på nordkysten av Newfoundland. Utgravingane her gjekk føre seg i sju år. Sakte avdekte dei bitane som til saman viste at dette var norrøn busetjing; langhus, eldstad, jarnnaglar, spinnehjul og ei ringnål av bronse.

Mykje av filmmaterialet dokumenterer naturlegvis desse utgravingane. Men i samlinga er det òg film som viser innlandeskimoane i Alaska, frå Labrador, Sierra Madre-fjella i Mexico og dei norrøne bygdene på Grønland.

Etter at Ingstad døydde, har dotter hans, Benedicte Ingstad, valt å samarbeide med Nasjonalbiblioteket om å bevare dette



materialet for framtida. Film og fotografi er no deponerte her. I første omgang blir filmene spela over til video for å bli identifiserte og registrerte. Fotografia blir digitaliserte. Seinare blir materialet stilt til disposisjon for forskning og dokumentasjon.

Benedicte Ingstad eig framleis rettane til dette unike tilfanget, men Nasjonalbiblioteket er glad for å vere med på å tryggje materialet og kunnskapane om det for framtida.

## Historia om Fjernsynsteatret



**Nasjonalbiblioteket har i 2002** fått ei stor samling arkivmateriale om historia til norsk fjernsynsteater i gåve.

I 1959/60 tok Fjernsynsteatret til som eigen teaterorganisasjon knytt til Norsk rikskringkasting. Fjernsynsteatret gjorde det mogleg å presentere alle typar dramatik og med god skodespelarkunst for eit stort nytt publikum. Fleire av produksjonane til Fjernsynsteatret vekte debatt. Fjernsynsteatret og debatten kring det speglar utviklinga i norsk kultur og samfunnsliv.

Grunnstammen i samlinga er skodespeltekstar, sceneskisser, reginotat og ei stor mengd utklippbøker med debatt, teatermeldingar og andre omtalar. I tillegg finst òg fotografi frå framsyningane. Tore Breda Thoresen, som var sjef i Fjernsynsteatret frå 1967 til 1980, har òg gitt samlinga si med teatermateriale frå desse åra til Teatersamlinga.



Denne gáva dokumenterer både planleggingsfasen av Fjernsynsteatret sitt repertoar og det nordiske samarbeidet med utveksling av førestillingar. Her er òg dokumentasjon knytt til debatten kring NRK og repertoarprofilen til Fjernsynsteatret.

Teatersamlinga hadde tidlegare fått eit omfattande materiale frå Per Bronken som depositum. Da Bronken døydde hausten 2002, ønskte døtrene hans å gi resten av regibøkene etter faren til Nasjonalbiblioteket og at heile materialet skulle gjerast om til gåve. Samla

sett utgjør materialet frå Bronken eit rikt tilskot til Teatersamlinga sitt materiale om Fjernsynsteatret.

Materialet frå NRK, Tore Breda Thoresen og Per Bronken supplerer kvarandre og viser korleis arbeidsprosessen i fjernsynsteater skil seg teknisk, estetisk og i høve til publikum frå sceneteater. Materialet som no har vorte Nasjonalbiblioteket sin eigedom, er interessant ikkje berre for teaterinteresserte, men òg for medieforskarar, resepsjonsforskarar og kultursosiologar.

[www.nb.no/html/teaterhistorisk\\_samling.html](http://www.nb.no/html/teaterhistorisk_samling.html)

## Postkortgåve



### Biletsamlinga i Nasjonalbiblioteket

har i 2002 fått ei omfattande og viktig gåve frå etterkommarar av Carl Normann, grunnleggjaren av Normanns kunstforlag. Normanns kunstforlag har sidan 1920-åra vore ein av dei mest sentrale postkortutgjevarane i landet, og er frå før solid representert i biblioteket si samling.

Gåva inneheld kring 13 000 postkort i originale arkivskap. Korta er i både svart-kvitt og farge og stammar i hovudsak frå perioden ca. 1950-70. Materialet er eit kjærkome tilskot til Biletsamlinga fordi korta dekkjer eit tidsrom vi tidlegare har lite frå i den elles fylldige postkortsamlinga på om lag 200 000 norske motiv. Korta er frå ei tid da postkorta framleis utgjør eit unikt kulturhistorisk kjeldemateriale.

Medan utgjevarane i dag helst ønskjer bilete utan daterande element, slik som personar i tidstypiske klede eller bilar, var dette motiv som ein gjerne brukte på 50-, 60- og 70-talet. Postkort frå denne tida utgjør derfor ein svært viktig dokumentasjon av privatbilisme, masseturisme, design og arkitektur i denne perioden. Namnet til fotografen står ikkje på korta, men Arne W. Normann, som var hovudfotograf i firmaet på denne tida, står truleg bak fleire av dei.

[www.nb.no/html/normanns\\_kunstforlag.html](http://www.nb.no/html/normanns_kunstforlag.html)

## Paradigma

**Paradigma-prosjektet** har som mål å finne fram til teknologiske, bibliotekfaglege og juridiske løysingar for å samle inn digitalt materiale, og for å etablere metodar og rutinar for pliktavlevering av desse dokumenta. I 2002 har Paradigma arbeidd for å etablere ei

kontinuerleg innsamling av dokument frå det norske Internett-omenet .no. På IT-området har prosjektet kartlagt den norske delen av Internett, og arbeidet med å skissere ein overordna arkitektur for systemet har teke til. I tillegg ser ein på måtar for tilgjengeleggjering.

På det bibliotekfaglege området har Paradigma kartlagt det arbeidet som alt er gjort av Nasjonalbiblioteket på området

## Innkjøpsordninga for bokillustrasjonar



Reidar Kjelsens illustrasjon fra *Ribbidim*.

**I lag med Grafill og Tegnerforbundet** har Nasjonalbiblioteket starta eit treårig prosjekt for innkjøp, sikring og formidling av norsk bokillustrasjon. Målet er å byggje opp ei representativ samling av originale bokillustrasjonar for forskning og formidling. Illustrasjonane blir tekne vare på i Nasjonalbiblioteket på same vis som anna biletmateriale.

Det treårige prosjektet er meint som ei prøveordning og byggjer på ein avtale mellom partane. Prosjektet har ei styringsgruppe med representantar frå partane. I tillegg er det oppretta ein eigen innkjøpskomité som kvart år skal kjøpe inn eit representativt utval av illustrasjonar. I innkjøpskomiteen sit det, i tillegg

til representantar oppnemnde av partane, òg ein representant frå Norsk barnebokinstitutt. I 2002 vart det kjøpt inn 11 illustrasjonar frå 6 bøker som var gitt ut i 2001. Desse illustrasjonane er:

Akin Düzakin: «Min storebror åpen» (1 ill)  
Per Dybvig: «Kafé Haletippen» (1)  
Fam Ekman: «Skoen» (3)  
Reidar Kjelsen: «Ribbidim» (1)  
Justyna Nyka: «Hva skal du bli?» (3)  
Bjørn Ousland: «Frøken Bisk Glems» (1)  
Malgorzata Piotrowska:  
«Lilla pigghår og grønne fregner» (1)

[www.nb.no/html/nibi.html](http://www.nb.no/html/nibi.html)

pliktavlevering av digitalt materiale. Prosjektet har òg kartlagt kva seleksjonskriterium som er nytta for digitalt materiale i andre land. Vidare har prosjektet arbeidd med å finne fram til ein fullgod typologi, seleksjonskriterium og unik identifikasjon av digitale dokument.

På det juridiske området har Nasjonalbiblioteket greidd ut gjeldande rett for innsamling og tilgjengeleggjering av edb-

dokument tilgjengelege via nettverk. 2. desember 2002 sette Nasjonalbiblioteket i gang ei systematisk innsamling og lagring av store delar av .no-området. Prøvenedlastinga gjekk føre seg fram til den første veka av 2003, og resultatet var at ikring 3,1 millionar URL-ar vart samla inn og lagra.

[www.nb.no/paradigma](http://www.nb.no/paradigma)



## Samarbeid med George Eastman House

**Sidan 1999** har Nasjonalbiblioteket og L. Jeffrey Selznick School i USA utvikla eit nært samarbeid om utveksling av kompetanse. Medarbeidarar frå dei to institusjonane får kvart år tilbod om ein månads opphald hos den andre. Her deltek dei i filmhistorisk arbeid og i praktiske restaureringsoppgåver. Til no har fire medarbeidarar frå kvar institusjon delteke i utvekslingssamarbeidet.

L. Jeffrey Selznick School held til i den gamle bustaden til George Eastman, grunnleggjaren av Eastman Kodak Company. Skolen vart stifta i 1996 og er ein del av George Eastman House, som no er internasjonalt museum for film og fotografi. Dette er den

første skolen i USA som gir utdanning i bevaring, restaurering og formidling av fotografi og film.

Samarbeidet gir fagpersonalet fagleg utvikling. Dette er viktig for å utvikle institusjonane fagleg, både som arkiv og restaureringslaboratorium. Det har òg ført til at tapte norske film er attfunnen, mellom anna *Hammerfest 1903* (sjå nedanfor) og *Frk. Statsadvokat*.

[www.nb.no/html/medielaboratoriet.html](http://www.nb.no/html/medielaboratoriet.html)

## Filmskatt tilbake til Noreg



**Filmen Hammerfest** frå 1903 er den eldste bevarte norske filmen. Filmforskarar meinte at filmen var gått tapt inntil ein filmarkivar ved Nasjonalbiblioteket kom over negativa ved George Eastman House i USA. Filmene er ein av 15 naturfilm som vart tekne opp av engelskmannen Robert W. Paul på ei reise langs kysten av Noreg i 1903.

Elektroingeniøren Robert W. Paul (1869-1943) tok så tidleg som i 1896 til med filmvisingar i London. Same året produserte han den første nyhendefilmen. I katalogen frå 1903 kunne han tilby «Magnificent new series of Norwegian Films» til ein pris av 6 pennies per fot, og det svarte til 50 øre etter pengeverdien på den tida. Filmene er ei panorering over Hammerfest hamn og viser ei ung busetjing fordi ein bybrann la byen i oske i 1890.

Den første filmframvisninga i Noreg kan ein truleg tidfeste til 1896. Nyhendefilmene var svært populære. Blandinga av spektakulære internasjonale hendingar og lokalstoff viser ein tydeleg parallell til fjernsynet i dag. Inntil filmen frå Hammerfest vart funnen, var den eldste filmen i Noreg eit opptak av at kong Haakon 7. kom til landet i 1905.

[www.nb.no/html/hammerfest.html](http://www.nb.no/html/hammerfest.html)

## Kulturminne Ekofisk

**Funnet av Ekofisk i 1969** innleidde petroleumsepoken i Noreg. Etter tretti års drift blir femten installasjonar på Ekofisk i nær framtid demonterte og fjerna. Riksantikvaren har oppmoda operatøren ConocoPhillips (tidlegare Phillips Norge) om å opprette eit prosjekt som sørgjer for at Ekofisk blir grundig dokumentert, ettersom full freding av anlegga korkje er praktisk eller økonomisk mogleg.

På denne bakgrunnen vart prosjektet Kulturminne Ekofisk etablert i 2002. Bak prosjektet står ConocoPhillips, Norsk Oljemuseum, Nasjonalbiblioteket og Statsarkivet i Stavanger. Oljemuseet har den daglege leiinga av prosjektet, som skal koste 6,7 millionar kroner.

Målet er å byggje opp ein nettstad som systematisert fortel om Ekofisk I, både teknisk, som arbeidsplass og i høve til arbeidsliv og samfunnsliv. Alle kjelder som kan medverke til å kaste lys over Ekofisk, blir i første omgang kartlagde. Eit utval blir seinare digitalisert og gjort tilgjengeleg for publikum, både for forskarar og folk flest. Det er framleis Oljemuseet, Statsarkivet i Stavanger og Nasjonalbiblioteket som skal forvalte originalsamlingane.

Nasjonalbiblioteket har hovudansvaret for samlingane av fotografi, film og video, radio- og fjernsynsopptak, bøker, tidsskrift og aviser, mens Oljemuseet byggjer opp gjenstandssamlingar. Statsarkivet tek seg av dokumentarkiva. Tusenvis av dokument blir no registrerte og digitaliserte.

Dei ulike databasane blir til slutt lenka saman slik at ein får ein felles publikumstilgang til både metadata og digitale objekt. Det er Nasjonalbiblioteket som utviklar desse dataløysingane. Og mens olje og gass blir pumpa opp frå havbotnen i tretti år til, skal kunnskapen om pionertida på Ekofisk I strøyme ut til forskarar, studentar og andre interesserte via Internett.



Foto: Phillips Petroleum Norge

## MAVIS

**Sommaren 2002** arrangerte Nasjonalbiblioteket ein konferanse med deltakarar frå arkiv og bibliotek i Australia, Amerika og Europa. Tema for konferansen var «Managing Collection Diversity in the 21st Century.» Deltakarane er alle brukarar av datasystemet MAVIS. Nasjonalbiblioteket bruker systemet for å administrere dei audiovisuelle samlingane og arbeidsprosessane ved Lyd- og biletarkivet og Medielaboratoriet.

## Nordic Web Archive

**Nordic Web Archive** (NWA) er eit forum for koordinering og erfaringsutveksling innan områda innsamling og arkivering av dokument som er publiserte på Internett.

Alle dei nordiske nasjonalbiblioteka deltek i dette samarbeidet. Sidan november 2000 og fram til juli 2002 har NWA-samarbeidet vore fokusert på utvikling av programvare som gir tilgang til arkiverte internettdokument, såkalla web-arkiv. Aktiviteten har vore organisert som eit prosjekt med programvareutviklarar ved kvart av nasjonalbiblioteka og ein prosjektleiar ved Nasjonalbiblioteket i Noreg.

Nordic Web Archive vart finansiert av Nordunet2 og dei nordiske nasjonalbiblioteka.

## Norske aviser og tidsskrift på Internett

**Norske aviser og tidsskrift på Internett** er ein database som omfattar ulike typar periodiske dokument som er publiserte på Internett. Dette gjeld aviser, generelle tidsskrift, faglege og vitskaplege tidsskrift, medlemsblad, lokalhistoriske tidsskrift, fagforeningstidsskrift og kyrkjeblad, for å nemne nokre typar.

Den aller første registreringa av slike titlar begynte i 1994, og lista inneheldt den gongen berre fire titlar. Seinare har talet vakse raskt, og i dag har vi passert 1380 titlar. Nasjonalbiblioteket har som mål at databasen skal gi eit mest mogleg komplett oversyn over

MAVIS er utvikla av det australske selskapet Wizard i samarbeid med Screensound Australia, det nasjonale film- og lydarkivet i Australia. Systemet er skapt for å handtere alle medietypar. Det gir ein intellektuell og fysisk beskriving av så vel verk som informasjonsberar. Det er òg eit produksjonsstøttesystem som held kontroll med kvar dei audiovisuelle dokumenta er til kvar tid.

Prosjektet har hatt ei totalramme på 2 millionar danske kroner. Nordic Web Archive har levert eit sett av verktøy, the NWA Toolset, som gjer det mogleg for dei nordiske nasjonalbiblioteka å søkje og navigere i egne webarkiv.

Resultata av prosjektet blir no utvikla vidare i eit nytt prosjekt, NWA2. Målet med dette prosjektet er å gjere programvara fritt tilgjengeleg for andre institusjonar, og å tilføre funksjonalitet som kan gjere verktøyet meir høveleg for forskingsverksemd.

[nwa.nb.no/](http://nwa.nb.no/)

norske aviser og tidsskrift på Internett, og Nasjonalbiblioteket arbeider kontinuerleg med oppdatering av basen.

Fram til hausten 2002 var lista svært enkel, ordna alfabetisk på tittel. Ein ny og utvida versjon vart lansert på Nasjonalbiblioteket si heimeside i oktober. Publikum kan no søkje på tittel, utgjevar, Dewey-nummer, emneord, geografisk emneord og publikasjonstype. Norske aviser og tidsskrift på Internett er ein av dei mest nytta basane i Nasjonalbiblioteket.

[www.nb.no/nati](http://www.nb.no/nati)

## METAe

**METAe er eit EU-finansiert prosjekt** som samlar heile 14 internasjonale partnerar. Ideen bak METAe er å omsetje digitaliserte bøker og tidsskrift til søkbar tekst. Prosjektet skal utvikle programvare som automatiserer denne prosessen. Nasjonalbiblioteket har fått oppgåva med å teste programvareløysingane som blir utvikla. Utgangspunktet for METAe-prosjektet var eit initiativ frå Universitetet i Innsbruck, som ønskte å utvikle automatiserte system for å kode skanna tekst. Eit søk i EU-systemet førte til interesse frå partnerar i Frankrike, Austerrike, Tyskland, Italia, Spania og Noreg. I tillegg knytte ein til seg ressurspersonar frå Finland, Storbritannia og USA som rådgjevarar.

Ei av dei største utfordringane i METAe er å omsetje fraktur, eller gotisk skrift, til søkbar tekst. Fraktur var mykje brukt av norske aviser til langt inn på 1900-talet.

[www.nb.no/html/metae.html/](http://www.nb.no/html/metae.html/)

## Dewey – ny utgåve i norsk versjon



**Nasjonalbiblioteket har ansvar** for å ta initiativ til, finansiere, utarbeide og gje ut hjelpemiddel, retningslinjer og standardar til hjelp ved beskriving, klassifikasjon og emneordsetting av dokument. Ved hjelp av desse hjelpemidla kan norske bibliotek tilby publikum moderne katalogtenester. I ei

tid med sterk auke i utveksling og gjenbruk av katalogdata er det ein stor fordel om katalogdata følgjer det internasjonale regelverket på området.

I 1999 sette Nasjonalbiblioteket i gang eit prosjekt for å omsetje og tilpasse den 19. internasjonale utgåva av Deweys Decimal Classification til norsk. Arbeidet tok tre år og resulterte i norske, forkorta tabellar i to band. Med Deweys desimalklassifikasjon, 5. norske forkorta utgåve (DDK5), har norske bibliotek

### Partnerar i METAe-prosjektet:

- Leopold-Franzens-Universität Innsbruck (Koordinator), Austerrike
- Universität Linz, Institut für Angewandte Informatik, University of Linz, Austerrike
- Karl-Franzens-Universität Graz, universitätsbibliothek, Austerrike
- Mitcom Neue Medien GmbH, Tyskland
- CCS Compact Computer Systeme, Tyskland
- Friedrich-Ebert-Stiftung, Tyskland
- Universidad de Alicante, Spania
- Cornell University Library Department of Preservation and Conservation, USA
- Bibliothèque nationale de France, Frankrike
- Nasjonalbiblioteket, avdeling Rana, Noreg
- Biblioteca Statale A. Baldini, Italia
- Dipartimento di Sistemi e Informatica, University of Florence, Italia
- Scuola Normale Superiore, Centro di Ricerche Informatiche per i Beni Culturali, Italia
- Higher Education Digitisation Service HEDS, Storbritannia

fått eit moderne hjelpemiddel til å klassifisere dokumenta i samlingane sine.

Til hjelp i dette arbeidet har Nasjonalbiblioteket knytt til seg nasjonale fagekspertar frå både folke- og fagbiblioteksektoren i to komitear: Den norske katalogkomité og Norsk komité for klassifikasjon og indeksering. Medlemene formidlar behov frå fagmiljøa til Nasjonalbiblioteket, og dei gir råd og spreier kunnskap om fagområda til enkeltpersonar og bibliotek.

Det finst fleire internasjonale standardar for å beskrive og fastsetje emne på dokument. I Noreg har vi tradisjonelt halde oss til dei anglo-amerikanske reglane. Sia 1890-talet har vi nytta Deweys desimalklassifikasjonssystem. Sjølv om dette i starten var eit reint amerikansk system, er det no eit internasjonalt skjema som finst i over 135 land og er omsett til om lag 30 språk.

[www.nb.no/html/dewey.html](http://www.nb.no/html/dewey.html)



## Scener fra et jernverk

**Utstillinga «Scener fra et jernverk»** vart svært godt motteke da fotograf Ketil Born stilte ut i Nasjonalbiblioteket sin fjellhall i Mo i Rana. Den mørke og tette stemninga vart ei flott ramme om utstillinga, som var tonesett av Sverre Knut Johansen, med musikk basert på lyd frå industrien. Til opninga las forfattaren Laila Stien eigne tekstar, skrivne særskilt til denne utstillinga. 600 personar kom og såg utstillinga.

*Scener fra et jernverk* er bygd opp av 13 fotografi i storformat. Alle bileta er av ny dato, og dei spelar på form og liner i lys og mørke. Lydkulissa og utstillingsrommet streka under den massive kjensla av tungindustri.

Ketil Born har arbeidd som fotograf ved Nasjonalbiblioteket heilt sidan starten i 1989. Parallelt med reproarbeidet har han reindyrka og utvikla faget sitt. Born er i dag ein kreativ og eksperimentell kunstnar med brei appell.

- I bildene mine søker jeg det vakre og tidløse. I *Scener fra et jernverk* forsøker jeg å rendyrke og fange opp essensen i industrilandskapet, i ydmykhet og respekt for menneskene som arbeider mellom maskinene, seier han.

Neste etappe er Festspillene i Nord-Norge. Deretter kjem prosjektet i bokform.

## Styret 2002



Nasjonalbibliotekets styre i 2001: Gunnar Hagen, Ingvild Øye, Stig Fossum, Arne Benjaminsen, Kjersti Løkken, Marit Reutz, Steinar Stokke (styreleiar).

Nasjonalbiblioteket tok i 2002 viktige steg framover mot dei måla Kultur- og kyrkjedepartementet har sett for institusjonen.

Dei viktigaste oppgåvene for styret i 2002 har vore å få gjennomført ei stram økonomistyring, få på plass ein visjon og få vedteke ein strategisk plan. Planen blei lagd fram for Kultur- og kyrkjedepartementet for godkjenning i januar/februar 2003.

Ein funksjonsanalyse av heile verksemda er gjennomført. Arbeidet med ein organisasjonsgjennomgang tek no til.

Styret er òg svært godt nøgd med at året 2002 gav eit vedtak om bygging av så vel magasin som rehabilitering av den eksisterande bygningen på Drammensveien 42. Dette vil løyse plassproblemet samtidig som vi får teke vare på samlingane på ein forsvarleg måte.

Viktige arbeidsoppgåver for styret i det kommande året vil vere å gjere dei nødvendige prioriteringane av tiltak som er

lansert i strategisk plan. Dessutan skal vi, slik Kultur- og kyrkjedepartementet har bede oss om, få på plass ein organisasjonsstruktur i Nasjonalbiblioteket som gir samordna og rasjonelle arbeidsopplegg.

2002 har vore eit arbeidsintensivt og spennande år. 2003 blir minst like spennande.

Steinar Stokke  
styreleiar

## Organisasjon og personale



Det er nasjonalbibliotekaren som har det øvste ansvaret for planlegging, drift og utvikling av verksemda ved biblioteket. Nasjonalbiblioteket består av to avdelingar, ei i Oslo og ei i Rana. I tillegg har nasjonalbibliotekaren ei eiga stabsavdeling i Oslo. Ved utgangen av 2002 hadde Nasjonalbiblioteket stillingar tilsvarande 327 årsverk.

Oslo-avdelinga vart oppretta 1. januar 1999 og har hovudansvaret for den publikumsretta verksemda. Avdelinga har eit særleg ansvar for å skaffe fram materiale om Noreg og nordmenn publisert i utlandet og dessutan ansvar for nasjonale samlingar innan m.a. musikk, teater, fotografi og plakatar. Oslo-avdelinga utarbeider den norske nasjonalbibliografien og tilbyr eit breitt spekter av tenester og produkt. Ved utgangen av 2002 var det stillingar tilsvarande 130 årsverk ved denne avdelinga.

Rana-avdelinga vart oppretta 2. oktober 1989. Arbeidet ved avdelinga er i hovudsaka knytt til fire ulike sektorar: pliktavleveringsordninga, Depotbiblioteket, dei audiovisuelle

samlingane og oppbygging av digitale tenester ved Nasjonalbiblioteket. Avdelinga hadde stillingar tilsvarande 188 årsverk ved utgangen av 2002.

Oppgåvene ved staben til nasjonalbibliotekaren er knytte til iverksetjing, koordinering og oppfølging av dei oppgåvene som er omtala i vedtektene og plandokumenta for Nasjonalbiblioteket. Ved utgangen av 2002 var det stillingar tilsvarande ni årsverk i staben.



# Utval av statistikk for Nasjonalbiblioteket år 2002

## A. Tilvekst av pliktavleverte dokument

Dokumenttype	2001	2002	Kommentar
Monografier	8 951	9 459	
Monografier, digitale	24	426	
Periodika	43 661	42 020	Tal på mottekne hefte
Periodika	16 821	16 100	Tal på mottekne titlar
Periodika, digitale	5	44	Tal på laupande titlar
Småtrykk	26 975	25 727	
Kartografisk materiale	237	243	
Notetrykk	171	297	
Postkort	2 789	2 767	
Plakatar	677	704	
Fotografi	0	0	
Lydopptak	483	432	
Videogram	90	158	Sikringsseks. mottekne frå NFI
Kringkasta materiale	17 228	18 385	Kassettar
CD-ROM og diskettar	146	211	
Norske vevdokument		3 141 144	Filer

## B. Anna tilvekst av dokument

Dokumenttype	2001	2002	Kommentar
Monografier	56 855	74 439	
Periodika	91 776	121 960	Tal på mottekne hefte
Periodika	33 387	35 673	Tal på laupande titlar
Småtrykk	40 950	58 370	
Kartografisk materiale	805	479	
Notetrykk	868	1 171	
Plakatar	966	817	
Fotografi	36 447	16 775	
Lydopptak	7 525	3 041	
Film og videogram	1 420	798	Rullar og kassettar
Kringkasta materiale	9 732	15 919	Kassettar
Digitale dokument	352 460	249 095	Inkl. Digitalt sikringsmagasin
Manuskript	1 022	5 879	

## C. Konservering, mikrofilming, fotografisk og digital kopiering, katalogisering

Dokumenttype	2001	2002	Kommentar
<b>Papirbaserte dokument</b>			
Bøker	31 442	49 486	Konserverte einingar
Kart	4 503	6 317	Konserverte einingar
Manuskript, brev	92 238	65 997	Konserverte einingar
Grafikk, teikningar	8 811	11 558	Konserverte einingar
Passpartout, emballasje	55	2 491	Konserverte einingar
<b>Fotografi</b>			
Konservering av foto		47 250	
Analoge bilete	22 223	20 646	Fotografisk duplisering
Digitale bilete	18 702	4 964	Digital kopiering

Mikroformer	2001	2002	Kommentar
Mikrofilma aviser	771 365	758 974	Tal på eksponeringar
Papirkopiar til utlån	9 038	7 049	Sider
Kopiar for sal	4 224	4 125	Filmrullar
Digitalisert frå mikrofilm	165 050	269 385	Tal på eksponeringar
Duplisert mikrofiche	590	7 147	
<b>Film</b>			
Tal på meter konservert	260 261	164 028	
Skanna video	2 801	1 634	Speletid i minutt
Utkopierte video	122	51	Tal på ordrar
Utkopierte lyd	180	110	Tal på oppdrag
Katalogisering			Tal på registreringar i NBs
Tal på katalogiserte postar	346 097	726 659	databasar

## D. Utlån, kopiering, referansetjeneste, besøk, arrangement

	2001	2002	Kommentar
Heimlån	26 617	33 625	
Lån på lesesal	94 627	63 210	
Fjernlån	74 005	52 724	
Innlån	1 983	1 969	
Gjenbruk av depotmateriale	4 474	1 789	
Bytte med andre bibl. i Europa		925	
Kopileveransar	24 024	2 561	
Sjølvforsynt kopiering	102 731	77 082	Tal på kopierte sider
Referansespørsmål	14 740	27 105	Pr. telefon, faks og e-post
Forskarbesøk	32 194	14 676	Besøk av forskarar i NBOslo
Elektroniske besøk	2 688 567	3 116 678	
Utstillingar (inkl. digitale)	15	1	
Arrangement	27	15	Foredrag, konsertar mm
Omvisingar	132	124	

## E. Databasetjenester (tal på oppslag)

Databasar	2001	2002	Kommentar
Norbok (Norsk bokfortegnelse)	237 191	282 495	
Norper (Norsk periodikafortegnelse)	46 961	56 346	
Nornoter (Norsk musikkfortegnelse/Notetrykk)	43 495	52 455	
Nordisko (Norske lydopptak)	12 360	22 356	
Norart (Norske tidsskriftartikler)	400 998	438 658	
Samisk bibliografi	13 212	13 602	
Sambok (Norsk samkatalog for bøker)	1 160 067	1 165 608	
Samper (Norsk samkatalog for periodika)	139 367	112 813	
Samnoter (Norsk samkatalog for notetrykk)	6 160 4	75 774	
NOSP (Nordisk-baltisk samkatalog for periodika)	288 018	263 392	
Bibliotek (Adresseliste for nordiske bibliotek)	211 820	233 018	
NATI (oversikt over Norske elektroniske tidsskrift)	221 340	153 978	
Galleri NOR	675 640	179 628	
Aviser		86 926	
Jazzbasen		79 030	
Andre	515 883	694 400	
Sum:	4 027 956	3 910 479	

## Økonomi

Nasjonalbiblioteket er som andre statlege verksemdar finansiert gjennom årlege løyvingar over statsbudsjettet. Løyvinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet utgjer om lag 90 prosent av dei økonomiske ressursane som Nasjonalbiblioteket har til rådvelde. Resten kjem frå særskilde offentlege tilskot eller som støtte frå norsk og utanlandsk hald. Vidare blir inntektssida supplert gjennom betaling for ein del tenester.

Samla brukte Nasjonalbiblioteket 191,647 millionar kroner i år 2002.

Rammene er ikkje tilstrekkelege til at biblioteket får gjennomført dei planane og prosjekta ein ønskjer. Dei høgast prioriterte sakene har fått tildelt ressursar slik at vi har komme vidare med betre teknologiske løysingar, men framleis står det mykje att før vi kan nå dei hovudmåla som er gitt.

### Kostnadsfordeling i Nasjonalbiblioteket i 2002 fordelt på kostnadstype (i 1000 kr)

Post	Løn/trygd	Drift/leige av bygningar	Varer og tenester	Totalt
Post 01	102 345	37 958	24 952	165 255
Post 21 Oppdrag	2 937		4 824	7 761
Post 78 Kulturnett Noreg	2 800		1 184	3 984
Post 78 Nasjonalkomiteen for Ibsen-satsinga	177		2 136	2 313
Post 45: Store investeringar			12 334	12 334
I alt	108 259	37 958	45 430	191 647

Tala ovanfor gjeld forbruket i år 2002.

Nasjonalbiblioteket bruker kontantprinsippet, som gjeld for alle statlege institusjonar.

## Nasjonalbiblioteket i internasjonalt samarbeid

### Nasjonalbiblioteket er med i følgjande internasjonale organisasjonar:

- CENL (Conference of European National Librarians)
- CDNL (Conference of Directors of National Libraries)
- NORON (møtestad for dei nordiske riks- og nasjonalbibliotekarane)
- EBLIDA (European Bureau of Library, Information and Documentation Associations)
- LIBER (Ligue des Bibliothèques Européennes de Recherche)
- FID (The International Federation for Information and Documentation)
- FIAT (The International Federation of Television Archives)
- IAML (The International Association of Music Libraries, Archives and Documentation Centers)
- IASA (International Association of Sound and Audiovisual Archives)
- FIAF (The International Federation of Film Archives)
- IFLA (International Federation of Library Associations and Institutions).

### Nasjonalbiblioteket var i 2002 representert i følgjande IFLA-komitear:

National Libraries, Bibliography, Acquisition and Collection Development, Rare Books and Manuscripts, Preservation and Conservation, Information Technology, Management and Marketing, Audiovisual and Multimedia og Cataloguing. I tillegg: Round Table of Newspapers.

Avdelingsdirektør Sissel Nilsen er medlem i IFLAs Governing Board.

### Nasjonalbiblioteket deltok i 2002 i følgjande IT-relaterte samarbeidsprosjekt:

- METAe: EU-prosjekt der ideen er å ta for seg digitalisert materiale og bruke programvare for å omsetje materialet til søkbar, koda tekst.
- NWA (Nordic Web Archive): samarbeid mellom dei nordiske nasjonalbiblioteka om innsamling, arkivering og attfinning av nett-dokument.

## Nasjonalbiblioteket

www.nb.no telefon 815 00188

### Nasjonalbiblioteket, avdeling Oslo

Postadresse: Postboks 2674 Solli, 0203 Oslo  
Besøksadresse: Victoria terrasse 11  
(f.o.m. 1. august 2003)  
Telefon: 23 27 60 00  
Telefax: 23 27 60 10  
E-post: [nbo@nb.no](mailto:nbo@nb.no)

### Nasjonalbiblioteket, avdeling Rana

Postadresse: 8607 Mo i Rana  
Besøksadresse: Finsetveien 2  
Telefon: 75 12 11 11  
Telefax: 75 12 12 22  
E-post: [nbr@nb.no](mailto:nbr@nb.no)  
Medielaboratoriet: [medielab@nb.no](mailto:medielab@nb.no)  
Senter for pliktavlevering: [pliktavlevering@nb.no](mailto:pliktavlevering@nb.no)  
Depotbiblioteket: [depot-fjernlaan@nb.no](mailto:depot-fjernlaan@nb.no)  
Lyd- og biletarkivet: [lydogbilde@nb.no](mailto:lydogbilde@nb.no)

### Publikumstenestene

Besøksadresse: Drammensveien 40,  
Inngang Observatoriegaten  
Telefon: 23 27 60 11  
Telefaks: 23 27 60 50  
Rettleiing: [veiledning@nb.no](mailto:veiledning@nb.no)  
Lesesal: [lesesal@nb.no](mailto:lesesal@nb.no)  
Utlån: [utlaan-nbo@nb.no](mailto:utlaan-nbo@nb.no)  
Fjernlån: [fjernlaan-nbo@nb.no](mailto:fjernlaan-nbo@nb.no)  
Innlån: [innlaan-nbo@nb.no](mailto:innlaan-nbo@nb.no)

### Norsk Musikkamling

Besøksadresse: Drammensveien 40,  
Inngang Observatoriegaten  
Telefon: 23 27 60 43  
Telefax: 23 27 60 49  
E-post: [musikk-nbo@nb.no](mailto:musikk-nbo@nb.no)